



Rett Temperatur AS v/ Roy Helge Døssland har levert og montert varmepumpa på Stemneplassen.

Det er montert varmepumpe på møterommet på Stemneplassen. Installasjonen vil føra til ein jevn temperatur og truleg betre inneklima. Rett Temperatur AS v/ Roy Helge Døssland har levert og montert varmepumpa. Det gjenstår litt elektrisk arbeid med sterk nok kurs før pumpa er i drift. Investeringa vil ha ein total kostnad på kr. 25.000,-

Uskedal Friluftslag, som er eigar av Stemneplassen, har iverksett fleire forbetringstiltak dei to siste åra. Sjølve plassen, som er eit friområde sentralt i Uskedalen, er rydda for skog og kratt. Møterommet er meir brukt enn på lenge. Som eit Enøk tiltak vart det no montert varmepumpe. Investeringa vert gjort med tilskot og støtte frå Sparebank 1 - stifting Kvinnherad.

Varmepumpa er av typen Mitsubiche Elektric, golvmodell med avfuktingsfunksjon. Fukt i rommet vert samla opp og ført ut. Installasjonen skal kunna halda ein varme i rommet ned mot 10 grader. Dermed skal ein kunna ha pumpa på og vera trygg på at temperaturen ikkje går under 10 grader. Det vert sagt at varmepumpa har ein vedlikehaldsvarme på 10 grader.



Varmepumpa er ein golvmodell og har ein vedlikehaldsvarme på 10 grader.

Rett Tempeatur As gjer sine innkjøp direkte frå Mitsubiche sin hovudforhandlar i Noreg. Varmepumpa vil ha ein kapasitet til å kunna halda ein jevn temperatur i møterommet og i dei to toalett - og garderoberomma.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal